



Det var til tider mangel på vatn i slangane under husbrannen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fungerande formann i Skårhaug Vel, Jan Henrik Hansen, ber no kommunen om at det vert lagt til rette for uttak av brannslangar ein plass i Skårhaug, som til dømes i det nye byggefeltet i øvre del av området.**

Hansen vonar kommunen ser på dette, helst no under budsjettdrøftinga. Han sleg fast at det etter husbrannen 6. november breier seg ein viss frustrasjon.

Hansen held fram:

"- Vi var vitne til at det til tider nesten var stor mangel på vatn i slangane. Grunnen var at dei vart lagt over riksvegen frå brannpumpar med vatn frå elva, og at trafikken kjørte over slangane slik at slangar sprakk.

Hadde det vore uttak i Skårhaug, ville husbrannen med "stor sannsynligheit" fått eit anna utfall, då brannstasjonen ligg eitt minutt kjøring frå huset som vart totalskada. Det var folk på staden før flammene hadde fått skikkeleg tak".

Uskedalen.no har tidlegare fått opplyst at røyrkapasiteten i det gamle byggefeltet i Skårhaug er for liten for uttak til slangar, men at den er stor nok i det nye byggefeltet.

Av Ola Matti Mathisen